

Frå vegljøs til aktivitetskalender i kveld

22.04.2008

I kveld tysdag klokka 20 er det nytt møte i Dialogforumet i Gamleskulen og i tillegg til dei sakene som vart drøfta sist blir mellom anna desse sakene teke opp:

- * Vegljøs på private og kommunale vegar. Meldt inn av Skårhaug Vel.
- * Aktivitetskalender på nettsida. Meldt inn av Esben Zimmer og Tor Inge Døssland
- * SIM og ryddedugnad, særleg i sentrum.
- * Kafe TI-aren og nyhende i papirformat.
- * Polsk side på nettsida?

Det er sjølvsagt også høve til å melda inn og ta opp andre saker, understrekar prosjektleiar Kristian Bringedal.